



Sak 5.2: Støtte til Sogndal FK Damer – samarbeid og sponsing 2026

Bakgrunn

Fagforbundet og Toppfotball Kvinner samarbeider nasjonalt for å styrke likestilling i fotballen, i arbeidslivet og i samfunnet elles. Målet er å leggje til rette for at lokale fagforeiningar og forbundsregionar kan inngå samarbeid med kvinnefotballklubbar i sine nærområde.

Fotball er den største idretten for jenter og kvinner i Noreg. Trass dette er det framleis store forskjellar i ressursar, rammevilkår og treningskvardag samanlikna med gutar og menn. Fagforbundet avd. 547 Sogndal ønskjer å bidra til betre vilkår og likare moglegheiter for jenter og damer i fotballen.

Forslag

Årsmøtet gir styret i Fagforbundet avd. 547 Sogndal mandat til å gå vidare i dialog med Sogndal FK Damer, for å signere ein samarbeidsavtale for året 2026, i tråd med retningslinene frå Fagforbundet sentralt og Toppfotball Kvinner.

Styret behandla forslaget på styremøte den 15.01.2026 og kjem med følgjande tilråding:

På bakgrunn av overskot frå 2025 foreslår styret at avdelinga sponsar Sogndal FK Damer med **kr 100 000,-** for 2026, som vert føreslege finansiert frå eigenkapital.

Gjennom denne avtalen vil Fagforbundet avd. 547 få følgjande motytingar frå Sogndal FK Damer:

Profilering og motytingar:

- Profilering på spelardrakt: under spelarnummer på ryggen, saman med veldedig formål
- Profilering på klubbens nettsider og sosiale medium
- Profilering av logo på trenings- og overtrekkskle
- Profilering på digital langside (108 meter) på alle heimekampar
- Profilering av video og logo på storskjerm under alle heimekampar
- Tre (3) invitasjonar til arrangement i regi av Sogndal FK Damer
- Tre (3) sesongkort
- Eitt (1) kampsponsorat for sesongen 2026

Forslag til årsmøte vedtak:

Årsmøtet vedtek å:

1. Gje styret mandat til å inngå samarbeidsavtale med Sogndal FK Damer for 2026
2. Løyve kr 100 000 frå avdelinga til sponsing av Sogndal FK Damer i 2026

Forslagsstillar:

Siv Laila Eriksen

Hovudtillitsvalt og styremedlem